

FORSKRIFT OM RETT TIL LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM I TIME KOMMUNE.

Fastsett av Time kommunestyre 07. november 2017 med heimel i lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. av 24. juni 2011 nr. 30 (helse- og omsorgstenestelova) § 3-2a, 2. ledd.

§ 1 Formål

Forskrifta skal vera med å styrkja den enkelte sin rett, gje auka føreseielegheit og større kunnskap om kriteria som ligg til grunn ved tildeling av langtidsopphald i sjukeheim

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og plass på venteliste. Forskrifta gjeld ikkje tildeling av omsorgsbustad tilrettelagt for heildøgntenester.

§ 3 Definisjon langtidsopphald

Opphald der brukar sin helsetilstand og behov for helse- og omsorgstenester gjer at det ikkje er sannsynleg at vedkomande kan flytta heim eller ha nytte av tilbod om helse- og omsorgstenester på lågare nivå enn på sjukeheim . Opphaldet er utan sluttdato og ikkje tidsavgrensa.

§ 4. Saksbehandling

Saksbehandlinga ved tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller plass på venteliste følgjer forvaltningslova sine reglar for enkeltvedtak.

Følgjane dokumentasjon må leggjast til grunn:

- Eigensøknad, eller søknad på vegne av brukar frå nærmaste pårørande, verje eller fullmektig.
- Nødvendige og oppdaterte legeopplysningar (ikkje eldre enn ein månad).
- Dokumentasjon frå heimsjukepleie eller andre aktuelle tenesteytarar.

Kommunen skal kartleggja brukar sin helsetilstand og behov for omsorgstenester, samt vurdera kva risiko som føreligg ved fortsatt opphald i eigen heim.

§ 5. Kriteria for tildeling

Langtidsopphald i sjukeheim er for personar med varig behov for helse- og omsorgstenester, som er så omfattande at opphald i sjukeheim er det einaste tilbodet som kan sikra brukar forsvarlege tenester.

I vurderinga av brukar sine behov skal det blant anna leggjast vekt på;

- Søknad
- Andre hjelpetiltak i heimen skal vera utprøvde og vurderte
- Søkjar er varig ute av stand til å ta vare på seg sjølv, og ikkje lenger meistrar daglege gjeremål på grunn av mentalt eller fysisk funksjonstap.
- Funksjonssvikt, fysisk eller psykisk, som krev nærleik til sjukepleie- eller legetenester
- Behov for medisinsk utstyr som krev at helsepersonell er til stades
- Bustaden kan ikkje leggjast til rette med hjelpemidlar/velferdsteknologi
- Omfanget av pårørande sine omsorgsoppgåver

Kriteria er skjønnsprega. Eit av kriteria treng ikkje å vera avgjerande åleine, men kan i kombinasjon utløysa behov for omfattande hjelpetiltak slik at helsehjelp i eigen heim ikkje er forsvarleg. Det skal gjerast ei totalvurdering av brukar sitt omsorgsbehov.

Tilleggsvilkår for langtidsopphald i skjerma avdeling

- Brukar har ein demensdiagnose fastsatt av lege
- Brukar sine behov for miljøterapeutisk tilrettelegging skal vera større enn behovet for pleie
- Brukar har behov for skjerming på ei tilrettelagt avdeling
- Brukar har behov for føreseielegheit og stabilitet i kvardagen

§ 6. Ventelister

Brukar som oppfyller kriteria for langtidsopphald i sjukeheim, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald, har rett til vedtak om plass på venteliste.

Ventelista er ikkje eit køsystem, og plass på ventelista gjev ikkje fortrinnsrett til ledig plass på institusjon.

Tildeling av langtidsplass for brukarar på lista skal til ei kvar tid vurderast etter konkrete behov hos den enkelte.

Kommunen skal gje forsvarlege helsetenester i ventetida, og fortløpande vurdere og dokumentere behov for auka tenestebehov. For brukarar som ikkje mottek heimetenester, må kommunen halda tett kontakt med omsorgsutøvar.

Heimebuande brukarar som får plass på venteliste, skal verta tilbudde langtidsopphald innan tre månadar.

Dersom brukar ikkje kan ivaretakast med forsvarleg hjelp og tilsyn i ventetida skal opphald i sjukeheim tildelast.

§ 7. Tildeling av plass

Brukarar som står på kommunen si venteliste skal kontinuerleg vurderast ut frå behov for tildeling. Kommunen sine rutinar skal sørgja for at brukarar på ventelista har nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester mens dei ventar på langtidsopphald.

Kommunen skal ha ei systematisk og fortløpande evaluering og vurdering av helsetilstand og funksjonsnivå til brukarar på venteliste, for å fange opp eventuelle endringar i tenestebehovet.

Det skal leggjast vekt på brukarmedverknad ved tildeling av plass.

Ektepar eller sambuarar kan få tilbod om å bu saman på institusjon sjølv om berre ein har fått vedtak om langtidsopphald. Det føreset at den andre parten også treng helse- og omsorgstenester. Det vert kravd eigenandel for opphald etter gjeldande satsar for korttidsopphald.

Tenesta vert gjeven i dobbeltrom, og vert vurdert på nytt ved endring av behovet.

§ 8. Klage

Klagen på vedtak skal sendast til Time kommune innan fire veker etter motteke vedtak.

Dersom søkar ikkje får medhald, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Rogaland (lov om pasient- og brukarrettigheter § 7-2) innan fire veker for endeleg avgjerd. Nærmare orientering om klagebehandling står i vedtaket.

§ 9. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft etter vedtak i kommunestyret og lovlig kunngjort.